



Arkivnr: 2016/5123-31

Saksbehandlar: Elizabeth Warren

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval  | Saknr. | Møtedato   |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling |        | 20.11.2019 |

### Rallarvegen - formidlingsplan

#### Samandrag

Rallarvegen er ein særskilt attraktiv sykkelveg med 20 000 - 25 000 besøkande årlig. Vegen er eit kulturminne – bygd i samband med framføringa av Bergensbanen tidleg på 1900-talet. Bane NOR er eigar, med ansvar og retningslinjer som for andre statlege kulturhistoriske eigedomar. Som del av dette ansvaret er vedlikehald og utarbeidning av forvaltingsplan for Rallarvegen.

I samband med oppfølging av forvaltningsplan for Rallarvegen er det utarbeidd ei formidlingsplan. Hordaland fylkeskommune og Bane NOR har koordinert arbeidet med formidlingsplanen i tråd med vedtak i KIRU 14.09.2016 sak 115/6. Formidlingsplanen er lagt fram for Rallarvegrådet og internt hos fylkeskonservatoren og Bane NOR våren 2018. I samråd med offentleg og privat aktørar i området har fokus i formidlinga dreidd seg vekk frå Rallarveg-appen, som vist seg vera dyr i drift, trengt oppdateringar og var tungt å bruke og dermed lite brukt. Det omfattande samlinga av tekst, bilete og lydfiler frå Rallarveg-appen er tatt vare på og gjort tilgjengeleg digitalt i DigitaltMuseum.

<https://digitaltmuseum.no/search/?context=name&q=rallarvegen>

Lokale aktørar ønskje ei foldar og avstands- og informasjonskilt langs Rallarvegen. Fleire av tiltak i formidlingsplanen er ferdigstilt per dags dato. Bane NOR har stått for kostnadene med informasjonsfolder og produksjon av avstandsskilt. Tekst og bilete for formidlingsskila er samla og klar til layout og produksjon. Resterande fondsmidlar frå budsjett 2011 til handlingsplan (strategi) for bruk og drift av Rallarvegen bør overførast til Bane NOR og øyremerkles til ferdigstilling av informasjonsskilt i tråd med formidlingsplan for Rallarvegen.

**Økonomi:** Overføring av midlar i tråd med vedtak i KIRU 14.09.2015 i sak 115/6

**Klima:** Tiltak som sikrar bruk av eksisterande vegtrase som kulturminne er positivt for klimarekneskapen

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevelingar og aktiv bruk av kulturminne i friluftssamanheng har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR når det gjeld kulturbasert næringsutvikling, kulturminne som ressurs, og satsing på friluftsliv .

### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner formidlingsplanen for Rallarvegen er lokalt forankra og vil gje tilgjengeleg praktisk informasjon og formidla natur- og kulturhistorie knytt til Rallarvegen.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling overfører kr 190 096 fra fondsmidlar i handlingsplan for bruk og drift av Rallarvegen til Bane NOR og øyremerke desse til ferdigstilling av informasjonskilt i tråd med formidlingsplan for Rallarvegen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Formidlingsplan for Rallarvegen 12.04.2018
- 2 Skiltplan for Rallarvegen 22.05.2018
- 3 Folder - Rallarvegen 26.06.2018
- 4 Forvaltningsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, Bane NOR 2017

## Fylkesrådmannen, 01.11.2019

Rallarvegen er ein særskilt attraktiv sykkelveg med 20 000 - 25 000 besøkande årleg. Vegen er eit kulturminne – bygd i samband med framføringa av Bergensbanen tidleg på 1900-talet. Bane NOR (tidlegare jernbaneverket) er eigar, med ansvar og retningslinjer som for andre statlege kulturhistoriske eigedomar. Som del av dette ansvaret er vedlikehald og utarbeiding av forvaltingsplan for Rallarvegen.

I 2010 tok Ulvik herad initiativ til å samle ulike interessegrupper for å drøfte problemstillingar knytt til drift og bruk av Rallarvegen for å sikre kulturminne og omsyn til natur og biologisk mangfald. Eit resultat av dette er *Handlingsplan (strategi) for bruk og drift av Rallarvegen* frå 2011. Ei arbeidsgruppe med representantar frå Ulvik herad, Aurland kommune, Hol kommune, Jernbaneverket, Villreinsnemnda for Nordfjella, Vatnahalsen Høyfjellshotell, Rallarmuseet og Hordaland fylkeskommune v/Regionalavdelinga (sekretariat) stod bak strategiarbeidet. Handlingsplanen vart handsama i fylkesutvalet i sak 134/11. Eit tiltak var etablering av Rallarvegrådet som eit felles drøftingsorgan for Jernbaneverket, no Bane NOR, aktuelle kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, brukar- og næringslivsinteresser.

Rallarvegrådet har møte to gonger i året. Politisk representant frå Hordaland fylkeskommune er nestleiar, fylkeskommunen v/Kultur- og idrettsavdelinga er no sekretariat. Tidlegare hadde Regionalavdelinga denne funksjonen. I Rådet diskuterer ein mellom anna erfaringar med Rallarveg-appen og korleis denne kan nyttast vidare – både digitalt og gjennom skrifteleg informasjon og skilting. Så lenge det ikkje er på plass ein formidlingsplan som konkretiserer tiltak, ansvarsområde, økonomi og tidsperiode for gjennomføring, er det vanskeleg å få god progresjon i informasjons- og formidlingsarbeidet. Det er naudsynt med heilskap i planlegging og gjennomføring.

Fylkestinget løyvde 1 mill. kr til Rallarvegen på budsjetten for 2011 til oppfølging av handlingsplanen. Av denne løvinga gjekk 750 000 kr til informasjonstiltak, 50 000 kr til utgreiing av Rallarvegråd og driftsorganisasjon, 100 000 kr til oppsyn, 100 000 kr til toalettloësing. Rallarveg-appen – digital formidling av natur og kultur langs vegen - vart lansert i 2012 som eit konkret formidlings-/informasjonstiltak. Det står att kr 191 096,- som er overført til fondsmidlar. Hordaland fylkeskommune vil overfører desse resterande midlar til Bane NOR for produksjon av skilt i tråd med formidlingsplan for Rallarvegen.

Jernbaneverket (no Bane Nor) sendte førespurnad til Hordaland, Sogn og Fjordane og Buskerud fylkeskommunar om dei i samarbeid med Jernbaneverket kunne utarbeide ein felles formidlingsplan for Rallarvegen. Jernbaneverket foreslo at Hordaland har eit koordinerande ansvar for arbeidet. Vår vurdering var at arbeidet med planen også ville gje ei rolleavklaring mellom dei ulike interessegruppene. Bane NOR er eigar, med ansvar og retningslinjer lik andre statlege kulturhistoriske eigedomar. Som del av ansvaret høyrer vedlikehald og utarbeiding av forvaltingsplan. I rettleiinga til forvaltningsplan for statens eigedomar er formidling og informasjon nemnt som eitt av fleire særskilte område som skal håndsamast eksplisitt. Bane NOR si rolle og ansvar i høve formidlings- og informasjonsarbeid må såleis vere i samsvar/definerast med utgangspunkt i dei gjeldande prinsipp og reglar.

*Handlingsplan (strategi) for bruk og drift av Rallarvegen* legg vekt på berekraftig bruk med omsyn til kulturminne, natur og biologisk mangfald. Eit mål var at Rallarvegen skal stå fram som ein av dei beste høgfjellsopplevelingane i Nord-Europa. I den samanheng var det uttrykt at «Hordaland fylkeskommune kan spele ei rolle som pådrivar i dette arbeidet, samtidig som dei andre fylkeskommunane, Sogn og Fjordane og Buskerud, må trekkjast med i arbeidet vidare.»

Hos fylkeskommunen er det fleire fagområde som kan ha interesse og kompetanse knytt til arbeidet med Rallarvegen. Folkehelse, friluftsliv, turisme, anna næringsutvikling og Rallarvegen som kulturminne, er alle område som fell inn under utvikling av Rallarvegen.

Arbeid med formidlingsplan er forankra i forvaltingsplan for Rallarvegen langs Bergensbanen, strekninga Finse- Vatnehalsen/Myrdal-Kårdal, pkt. 7.6,  
<http://www.banenor.no/contentassets/6fcfda2cc52942ad904deded37fa94c6/forvaltningsplan-rallarvegen---bergensbanen.pdf> (vedlagt)

I sak PS 115/2016, Utval for Kultur, idrett og regional utvikling, møtedato 14. 09. 2016, ga fylkeskommunen positivt svar på spørsmål frå Jernbaneverket om å koordinere arbeidet med ein formidlingsplan i samarbeid med Jernbaneverket, Buskerud og Sogn & Fjordane fylkeskommunar.